



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Stryn kulturhus - Tingsalen
Dato: 12.03.2026
Tid: Kl. 10:00 - 11:15

Følgjande medlem møtte

Ellen Hilde Hauge

Sonja Merethe Øvre-Flo

Silje Åsnes Skarstein

Janne Elin Alsaker

Parti

H

H

Sp

V

Forfall meldt frå følgjande medl.

Haldor Andre Lungård Hove

Per Atle Kjøllesdal

Rune Egil Myklebust

Parti

Ap

Sp

Sp

Følgjande varamedlem møtte

Jan Træen

Kari Synnøve Muri

Stine Fjellkårstad

Parti

Ap

KrF

Sp

Ap

KrF

Sp

Ap

KrF

Underskrifter:

Sonja Merethe Øvre-Flo

Jon Nesje
kommunedirektør

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
018/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
019/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
020/26	Referatsaker
021/26	Avklaring av vidare planprosess- detaljregulering for Elvahagen
022/26	Klage på vedtak - avslag på dispensasjon frå arealgrense og dispensasjon frå arealføremål i plan for oppføring av garasje på gbnr. 82/57 i Skoglivegen
023/26	Klage på vedtak - avslag på søknad om frådeling av grunneigedom frå gbnr. 65/1
024/26	Klage på vedtak- avslag på søknad dispensasjon frå LNF-føremål i kommunedelplan for frådeling av ein parsell frå gbnr. 65/1
025/26	Klage på vedtak - avslag på dispensasjon frå LNF-føremål i plan for oppføring av tre utleiehytter på gbnr. 103/2 på Høgalmen i Olden
026/26	Ny søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av garasje/lagerbygg på gbnr. 86/7
027/26	Solvik bustadfelt - fastsetjing av tomtepris
028/26	Vedtak: Dispensasjon frå plan for løyve til oppføring av carport på gbnr. 45/173
029/26	TV akjsonen 2026 - NRC Flyktninghjelpen
030/26	Høyring - forslag til forskrift om overnattingsavgift til kommunane
031/26	Klage på vedtak - bygging av landbruksveg. Gbnr. 48/1
032/26	Kommunekommisjonen høyringssvar rapport "En bærekraftig kommunsektor"
033/26	Ny handsaming av klage på vedtak - dispensasjon frå arealføremål i kommunedelplan og frå § 1-8 i plan og bygningslova, og rammeløyve for til- og påbygg til bustadhus på gbnr. 83/21
034/26	Søknad om dispensasjon frå § 1-8 i plan og bygningslova og søknad om løyve til oppføring av badestove på gbnr. 70/237 i Loen

018/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Det vart peika på at et var mange saker til handaming samt i oppmoding om at i dei tilfella ein legg ved kart i ei saksutgreiing, så bør kartet ha eit utsnitt som gjer at ein ser større områder.

FO- 018/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

019/26: Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

FO- 019/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møtet vart godkjent.

020/26: Referatsaker

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

FO- 020/26 Vedtak:

Referatsaker vert teke til vitande.

021/26: Avklaring av vidare planprosess- detaljregulering for Elvahagen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner at ein kan arbeide vidare med planforslaget for Elvahagen i samsvar med vurderingar i saksframlegget.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Endringsframlegg, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre

o Ein går vekk frå krav om at 1. etasje på område S303 skal nyttast til kontor og/eller forretning/tenesteyting/bevertning. Formannskapet vurderer at det er meir naudsynt med bustader i Olden. Formannskapet støttar derfor planforslaget som opnar for bustader i 1. etasje. Dette samsvarer med den opphævelege signerte avtalen i sak FO-048/19.

o Det er ønskeleg med høg utnytting av området. Ein tek derfor vekk areal avsett til nærmiljøanlegg (o_NMA). Det er kort avstand til eit nærmiljøanlegg ved Olden skule. Dette området bør nyttast til bustad eller næring.

o Området KBA skal være som i planforslaget, då dette dekker næringsformålet.

o Ein skal ha nytt oppstartmøte og formannskapet forventar at det blir ein god prosess – der ein har dialog for å finne dei beste løysingane slik at prosjektet får god framdrift.

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jan Flore orienterte frå møte med tiltakshavar.

Det vart røysta punktvis over framlegg frå representanten Ellen Hilde Hauge (H) vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg.

1. Ein går vekk frå krav om at 1. etasje på område S303 skal nyttast til kontor og/eller forretning/tenesteyting/bevertning. Formannskapet vurderer at det er meir naudsynt med bustader i Olden. Formannskapet støttar derfor planforslaget som opnar for bustader i 1. etasje. Dette samsvarer med den opphævelege signerte avtalen i sak FO-048/19.

Framlegget fekk 5 røyster og vart vedteke. Representantane Muri (Krf) og Træen (Ap) røysta mot.

2. Det er ønskeleg med høg utnytting av området. Ein tek derfor vekk areal avsett til nærmiljøanlegg (o_NMA). Det er kort avstand til eit nærmiljøanlegg ved Olden skule. Dette området bør nyttast til bustad eller næring.

Framlegget fekk 4 røyster og vart vedteke. Representantane Muri (Krf) , Træen (Ap) og Alsaker (V) røysta mot.

3. Området KBA skal være som i planforslaget, då dette dekker næringsformålet.

Framlegget fekk 5 røyster og vart vedteke. Representantane Muri (Krf) og Træen (Ap) røysta mot.

4. Ein skal ha nytt oppstartmøte og formannskapet forventar at det blir ein god prosess – der ein har dialog for å finne dei beste løysingane slik at prosjektet får god framdrift.

Framlegget fekk 5 røyster og vart vedteke. Representantane Muri (Krf) og Træen (Ap) røysta mot.

FO- 021/26 Vedtak:

1. Ein går vekk frå krav om at 1. etasje på område S303 skal nyttast til kontor og/eller forretning/tenesteyting/bevertning. Formannskapet vurderer at det er meir naudsynt med bustader i Olden. Formannskapet støttar derfor planforslaget som opnar for bustader i 1. etasje. Dette samsvarer med den opphævelege signerte avtalen i sak FO-048/19.

2. Det er ønskjeleg med høg utnytting av området. Ein tek derfor vekk areal avsett til nærmiljøanlegg (o_NMA). Det er kort avstand til eit nærmiljøanlegg ved Olden skule. Dette området bør nyttast til bustad eller næring.

3. Området KBA skal være som i planforslaget, då dette dekker næringsformålet.

4. Ein skal ha nytt oppstartmøte og formannskapet forventar at det blir ein god prosess – der ein har dialog for å finne dei beste løysingane slik at prosjektet får god framdrift.

022/26: Klage på vedtak - avslag på dispensasjon frå arealgrense og dispensasjon frå arealføremål i plan for oppføring av garasje på gbnr. 82/57 i Skoglivegen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje klage til følgje og opprettheld administrativt vedtak av 29.10.2025 (vår ref.: 25/1580-7). Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Synfaring, foreslått av Silje Åsnes Skarstein, SenterpartietSenterpartietSenterpartiet
Saka vert utsett til neste formannskapsmøte så vi kan ha ei synfaring.

Det vart røysta over utsettingframlegg frå representanten Silje Åsnes Skarstein (Sp). Samrøystes vedteke.

FO- 022/26 Vedtak:

Saka vert utsett til neste formannskapsmøte så vi kan ha ei synfaring.

023/26: Klage på vedtak - avslag på søknad om frådelling av grunneigedom frå gbnr. 65/1

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje klaga til følgje og opprettheld administrativt vedtak av 21.01.2026 (vår ref. 25/2048-2).

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Utsetting (Ap, Sp, H), foreslått av Sonja Merethe Øvre-Flo, HøgreHøgreHøgre
Utsetje saka til administrasjonen har sjekka lovlegheit av frådeling i rasutsatt område.

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jan Flore orienterte før handsaming av saka og viste til "Ørstabrevet" som handlar om frådeling i rasutsette områder

Det vart røysta over framlegg frå representanten Sonja Øvre-Flo (H): *Utsetje saka til administrasjonen har sjekka lovlegheit av frådeling i rasutsatt område.*

Utsetjingsframlegg samrøystes vedteke

FO- 013/26 Vedtak:

Utsetje saka til administrasjonen har sjekka lovlegheit av frådeling i rasutsatt område.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Utsettingsforslag, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre
Formannskapet utset saka slik administrasjonen kan gå i dialog med tiltakshavar om vegen vidare mtp evt ny faresonekartlegging eller andre løysingar.

Kommunalsjef Samfunnsutvikling Jan Bakke Flore orienterte før handsaming av saka.

Det vart røysta over utsetjingsframlegg frå representanten Ellen Hilde Hauge (H), samrøystes vedteke.

FO- 023/26 Vedtak:

Formannskapet utset saka slik administrasjonen kan gå i dialog med tiltakshavar om vegen vidare mtp evt ny faresonekartlegging eller andre løysingar.

024/26: Klage på vedtak- avslag på søknad dispensasjon frå LNF-føremål i kommunedelplan for frådeling av ein parsell frå gbnr. 65/1

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje klaga til følgje og opprettheld administrativt vedtak av 18.09.2025 (vår ref. 25/1448-2).

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Utsettingsforslag, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre

Formannskapet ønskjer synfaring, saka blir utsett til neste formannskapsmøte.

Det vart røysta over utsetningsframlegg frå representanten Ellen Hilde Hauge (H), samrøystes vedteke.

FO- 024/26 Vedtak:

Formannskapet ønskjer synfaring, saka blir utsett til neste formannskapsmøte.

025/26: Klage på vedtak - avslag på dispensasjon frå LNF-føremål i plan for oppføring av tre utleiehytter på gbnr. 103/2 på Høgalmen i Olden

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje klage til følgje og opprettheld administrativt vedtak av 23.02.2026 (vår ref. 25/1675-8).

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Framlegg frå Senterpartiet, foreslått av Silje Åsnes Skarstein, SenterpartietSenterpartietSenterpartiet
Det er søkt om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 frå kommuneplanens arealdel (LNF-formål) for oppføring av tre mindre utleiehytter (type OMGI) på gardsbruket Høgalmen i Oldedalen. Hyttene er planlagt plassert på eksisterande tun, i eit areal som allereie er prega av bygningar og driftsaktivitet. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, beite eller ferdselslinjer.

Sidan søknaden vart sendt inn, er det starta opp med aktiv drift på garden. Tiltaket skal inngå som ein del av ei breiare satsing på bygdeturisme og vil utgjere ei viktig attåtnæring for landbruket på Høgalmen. Det har vert utleige av bolig til turistar på denne gården når tidligare generasjonar dreiv. Utleige til turistar har historisk sett vert ei viktig tilleggsnæring for mange gårdar i Oldedalen. Og dette er jo slik sett ei vidareføring av dette for å kunne leve av gården.

Tiltaket representerer ikkje nedbygging av nye LNF-område, men ei vidareutvikling av eit eksisterande gardsbruk der aktivitet på tunet vert kombinert med landbruksdrift.

Bygga skal også stå på pælar og kan både settast opp og fjernast utan synlige inngrep.

2.

Eigedomen ligg i LNF-område etter kommuneplanens arealdel, der hovudføremålet er å sikre areal til jord- og skogbruk og ta vare på natur- og friluftsverdiar. Etter plan- og bygningslova § 19-2 kan det gjevast dispensasjon dersom fordelane ved tiltaket er klart større enn ulemperne.

Det vert òg lagt vekt på at gjeldande arealplan for området er av eldre dato. Dispensasjon er eit verkemiddel plan- og bygningslova gir kommunane nettopp for å kunne handtere tiltak som er i tråd

med samfunnsutviklinga, men som ikkje nødvendigvis var føresett då planen vart utarbeidd.

3.

a) Hensyn bak føresegnene

Tiltaket skjer på eksisterande tun, utan noko inngrep i jordbruksareal eller natur. Allmenn ferdsel vert ikkje påverka, og landskapsverknadene er små då det skal ligge i eit område med mange eksisterande bygningar. Hensyna bak LNF-formålet vert difor ikkje vesentleg tilsidesett.

b) Fordelar ved tiltaket

Det støttar opp under kommuneplanen sin samfunnsdel: «Fagre Stryn 2.0», kommunen sitt viktigaste styringsverktøy, (vedtatt i kommunestyret 20.11.25) som vektlegg levande bygder, verdiskaping basert på lokale ressursar og utvikling av bærekraftige næringar. (Ref samfunns mål nr 3: Stryn- eit innovativt, allsidig og grønt næringsliv. .. ivareta berekraftig jordbruk og styrke lokal matproduksjon..»styrke og vidareutvikle klynger knytt til landbruk, turisme og industri..»)

Stryn kommune har i sine strategiske planar peika på satsing på heilårsturisme og utvikling av lokale opplevingar som viktige verkemiddel for å styrke næringsgrunnlaget i bygdene.(Ref kommuneplanen sin samfunnsdel, samfunns mål nr 3 ...»satse på heilårsturisme»..)

Tiltaket legg til rette for stabil næringsinntekt for gardsbruket og bidreg til å trygge vidare drift, busetjing og aktivitet i ei bygd med sårbar næringsstruktur. (ref Fagre Stryn 2.0, Samfunns mål 2: «Stryn- ein god stad å bu heile livet» ..»arbeide for at det skal være lys i husa i alle grender..»

Småskala gardsbasert overnatting reduserer presset på natur- og friluftsområde og gir eit ryddigare og meir miljøvennleg turismetilbod i Oldedalen. Der er store utfordringar med villcamping og fleire overnattingstilbud i sjølve Oldedalen kan være med på å få gjort noko med denne problematikken. Tiltaket er i tråd med nasjonale føringar for bygdenær satsing der kombinasjonen av natur, mat og opplevingar vert peika på som ein viktig del av framtidens landbruksnæring.

Det er oppstarta aktiv drift på garden, og kombinasjonen av produksjon og utleigeverksemd vil styrke den økonomiske berekrafta til bruket.

Det er eksisterande infrastruktur i tunet og det er enkelt og koble seg til dette.

c) Ulemper

Moglege ulemper knytt til noko auka trafikk og aktivitet på tunet vurderast som små og godt handterbare. Der er eigen veg til bruket som kun passerer eit hus og denne naboen har ikkje kome med merknad til tiltaket.

Det har blitt peika på nærliggande eigedom som har fått løyve til å sette opp lagerbygning og at dette kan skape framtidige støv og støyplager, det er også sett på ulempene ved å ha turisme så nær landbruksdrifta. Dette er strengt tatt ikkje overordna myndigheter si sak og vurdere, det er snakk om kortidsutleige. Utleiger er avhengig av gode tilbakemeldingar for å få leigd ut og vi er trygg på at ansvarlig søker klarer å ivareta sine egne behov for å få leigd ut på absolutt best mogeleg måte utan offentleg innblanding.

Garden ligg inne i eit område som er definert som kjerneområde for landbruk i Stryn. Her er det ekstra viktig at jorda vert best mogeleg drifta og holdt i hevd då det er den beste jorda i kommunen. Det å ha utleigeeiningar i kjerneområde for landbruk er ikkje ein ulempe (spesielt med tanke på at det IKKJE skal byggast på dyrka jord), det er heller ein fordel. Jo betre inntektsgrunnlag bøndene har på garden jo meir sannsynlig er det at dei driftar si eiga jord og jord som er eigd OG drifta av dei som faktisk bur der er alltid ein fordel.

d) Presedens

Ein har vurdert om dispensasjonen kan skape presedens for liknande tiltak i LNF-område.

Stryn kommune har i kommuneplanens samfunnsdel og i satsinga Fagre Stryn 2.0 peika på heilårsturisme, lokal verdiskaping og styrking av landbruket som sentrale utviklingsmål.

Dersom fleire aktive gardsbruk ønskjer å utvikle småskala overnatting knytt til eksisterande tun og aktiv drift, vil dette i utgangspunktet vere i tråd med desse strategiane. Ei slik utvikling kan bidra til fleire berekraftige arbeidsplassar, styrka landbruksøkonomi og eit meir variert reiselivstilbod i kommunen.

Den aktuelle dispensasjonen er likevel knytt til konkrete forhold på eigedomen: plassering i eksisterande tunområde, tilknytning til aktiv gardsdrift og avgrensa omfang. Eventuelle framtidige saker må vurderast konkret etter plan- og bygningslova § 19-2.

e) Samla vurdering

Samla sett vurderer Stryn kommune at fordelane ved tiltaket – i form av styrkt landbruksøkonomi, lokale arbeidsplassar, auka verdiskaping og berekraftig bygdeturisme – er betydelig større enn dei marginale ulempene.

Tiltaket er i samsvar med kommunen sine mål om å skape eit “levande, verdiskapande og berekraftig Stryn” (jf. Fagre Stryn 2.0, målområde «Næringsliv og attraktive lokalsamfunn»).

Tiltaket er lokalisert til eksisterande tun og kjem ikkje i konflikt med dei sentrale omsyna bak LNF-formålet.

Dispensasjonen vert gjeven då fordelane ved tiltaket vert vurdert som klart større enn ulempene.

Tiltaket bidreg til å realisere mål i Fagre Stryn 2.0 om levande bygder, berekraftig bruk av lokale ressursar og utvikling av landbruket som framtidsnæring.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel (LNF-formål) for oppføring av tre mindre utleiehytter (type OMGI) på gnr. 103 bnr. 2, Høgalmen gard, Oldedalen.

Vilkår

Hyttene skal plasserast i tråd med søknaden, innanfor eksisterande tunområde.

Tiltaket skal ikkje medføre varige inngrep i dyrka mark eller naturmark.

Det skal nyttast eksisterande tilkomst og infrastruktur, og eventuell auka trafikk skal handterast innanfor dagens rammer.

Eventuelle tekniske planar for vatn, avløp og energi skal godkjennast av kommunen før oppstart.

Det vart røysta ved at framlegg frå representanten Silje Skarstein (Sp) vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg. Framlegg frå representanten Silje Skarstein (Sp) samrøystes vedteke.

FO- 025/26 Vedtak:

Det er søkt om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 frå kommuneplanens arealdel (LNF-formål) for oppføring av tre mindre utleiehytter (type OMGI) på gardsbruket Høgalmen i Oldedalen. Hyttene er planlagt plassert på eksisterande tun, i eit areal som allereie er prega av bygningar og driftsaktivitet. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, beite eller ferdselslinjer.

Sidan søknaden vart sendt inn, er det starta opp med aktiv drift på garden. Tiltaket skal inngå som ein del av ei breiare satsing på bygdeturisme og vil utgjere ei viktig attåtnæring for landbruket på Høgalmen. Det har vert utleige av bolig til turistar på denne gården når tidligare generasjonar dreiv. Utleige til turistar har historisk sett vert ei viktig tilleggsnæring for mange gårdar i Oldedalen. Og dette er jo slik sett ei vidareføring av dette for å kunne leve av gården.

Tiltaket representerer ikkje nedbygging av nye LNF-område, men ei vidareutvikling av eit eksisterande gardsbruk der aktivitet på tunet vert kombinert med landbruksdrift.

Bygga skal også stå på pælar og kan både settast opp og fjernast utan synlige inngrep.

2.

Eigedomen ligg i LNF-område etter kommuneplanens arealdel, der hovudføremålet er å sikre areal til jord- og skogbruk og ta vare på natur- og friluftsverdiar. Etter plan- og bygningslova § 19-2 kan det gjevast dispensasjon dersom fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene.

Det vert òg lagt vekt på at gjeldande arealplan for området er av eldre dato. Dispensasjon er eit verkemiddel plan- og bygningslova gir kommunane nettopp for å kunne handtere tiltak som er i tråd

med samfunnsutviklinga, men som ikkje nødvendigvis var føresett då planen vart utarbeidd.

3.

a) Hensyn bak føresegnene

Tiltaket skjer på eksisterande tun, utan noko inngrep i jordbruksareal eller natur. Allmenn ferdsel vert ikkje påverka, og landskapsverknadene er små då det skal ligge i eit område med mange eksisterande bygningar. Hensyna bak LNF-formålet vert difor ikkje vesentleg tilsidesett.

b) Fordelar ved tiltaket

Det støttar opp under kommuneplanen sin samfunnsdel: «Fagre Stryn 2.0», kommunen sitt viktigaste styringsverktøy, (vedtatt i kommunestyret 20.11.25) som vektlegg levande bygder, verdiskaping basert på lokale ressursar og utvikling av bærekraftige næringar. (Ref samfunns mål nr 3: Stryn- eit innovativt, allsidig og grønt næringsliv. .. ivareta berekraftig jordbruk og styrke lokal matproduksjon..»styrke og vidareutvikle klynger knytt til landbruk, turisme og industri..»)

Stryn kommune har i sine strategiske planar peika på satsing på heilårsturisme og utvikling av lokale opplevingar som viktige verkemiddel for å styrke næringsgrunnlaget i bygdene.(Ref kommuneplanen sin samfunnsdel, samfunns mål nr 3 ...»satse på heilårsturisme»..)

Tiltaket legg til rette for stabil næringsinntekt for gardsbruket og bidreg til å trygge vidare drift, busetjing og aktivitet i ei bygd med sårbar næringsstruktur. (ref Fagre Stryn 2.0, Samfunns mål 2: «Stryn- ein god stad å bu heile livet» ..»arbeide for at det skal være lys i husa i alle grender..»

Småskala gardsbasert overnatting reduserer presset på natur- og friluftsområde og gir eit ryddigare og meir miljøvennleg turismetilbod i Oldedalen. Der er store utfordringar med villcamping og fleire overnattingstilbud i sjølve Oldedalen kan være med på å få gjort noko med denne problematikken. Tiltaket er i tråd med nasjonale føringar for bygdenær satsing der kombinasjonen av natur, mat og opplevingar vert peika på som ein viktig del av framtidens landbruksnæring.

Det er oppstarta aktiv drift på garden, og kombinasjonen av produksjon og utleigeverksemd vil styrke den økonomiske berekrafta til bruket.

Det er eksisterande infrastruktur i tunet og det er enkelt og koble seg til dette.

c) Ulemper

Moglege ulemper knytt til noko auka trafikk og aktivitet på tunet vurderast som små og godt handterbare. Der er eigen veg til bruket som kun passerer eit hus og denne naboen har ikkje kome med merknad til tiltaket.

Det har blitt peika på nærliggande eigedom som har fått løyve til å sette opp lagerbygning og at dette kan skape framtidige støv og støyplager, det er også sett på ulempene ved å ha turisme så nær landbruksdrifta. Dette er strengt tatt ikkje overordna myndigheter si sak og vurdere, det er snakk om kortidsutleige. Utleiger er avhengig av gode tilbakemeldingar for å få leigd ut og vi er trygg på at ansvarlig søker klarer å ivareta sine egne behov for å få leigd ut på absolutt best mogeleg måte utan offentleg innblanding.

Garden ligg inne i eit område som er definert som kjerneområde for landbruk i Stryn. Her er det ekstra viktig at jorda vert best mogeleg drifta og holdt i hevd då det er den beste jorda i kommunen. Det å ha utleigeeiningar i kjerneområde for landbruk er ikkje ein ulempe (spesielt med tanke på at det IKKJE skal byggast på dyrka jord), det er heller ein fordel. Jo betre inntektsgrunnlag bøndene har på garden jo meir sannsynlig er det at dei driftar si eiga jord og jord som er eigd OG drifta av dei som faktisk bur der er alltid ein fordel.

d) Presedens

Ein har vurdert om dispensasjonen kan skape presedens for liknande tiltak i LNF-område.

Stryn kommune har i kommuneplanens samfunnsdel og i satsinga Fagre Stryn 2.0 peika på heilårsturisme, lokal verdiskaping og styrking av landbruket som sentrale utviklingsmål.

Dersom fleire aktive gardsbruk ønskjer å utvikle småskala overnatting knytt til eksisterande tun og aktiv drift, vil dette i utgangspunktet vere i tråd med desse strategiane. Ei slik utvikling kan bidra til fleire berekraftige arbeidsplassar, styrka landbruksøkonomi og eit meir variert reiselivstilbod i kommunen.

Den aktuelle dispensasjonen er likevel knytt til konkrete forhold på eiegen: plassering i eksisterende tunområde, tilknytning til aktiv gardsdrift og avgrensa omfang. Eventuelle framtidige saker må vurderast konkret etter plan- og bygningslova § 19-2.

e) Samla vurdering

Samla sett vurderer Stryn kommune at fordelane ved tiltaket – i form av styrkt landbruksøkonomi, lokale arbeidsplassar, auka verdiskaping og berekraftig bygdeturisme – er betydelig større enn dei marginale ulempene.

Tiltaket er i samsvar med kommunen sine mål om å skape eit “levande, verdiskapande og berekraftig Stryn” (jf. Fagre Stryn 2.0, målområde «Næringsliv og attraktive lokalsamfunn»).

Tiltaket er lokalisert til eksisterande tun og kjem ikkje i konflikt med dei sentrale omsyna bak LNF-formålet.

Dispensasjonen vert gjeven då fordelane ved tiltaket vert vurdert som klart større enn ulempene.

Tiltaket bidreg til å realisere mål i Fagre Stryn 2.0 om levande bygder, berekraftig bruk av lokale ressursar og utvikling av landbruket som framtidsnæring.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel (LNF-formål) for oppføring av tre mindre utleiehytter (type OMGI) på gnr. 103 bnr. 2, Høgalmen gard, Oldedalen.

Vilkår

Hyttene skal plasserast i tråd med søknaden, innanfor eksisterande tunområde.

Tiltaket skal ikkje medføre varige inngrep i dyrka mark eller naturmark.

Det skal nyttast eksisterande tilkomst og infrastruktur, og eventuell auka trafikk skal handterast innanfor dagens rammer.

Eventuelle tekniske planar for vatn, avløp og energi skal godkjennast av kommunen før oppstart.

026/26: Ny søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av garasje/lagerbygg på gbnr. 86/7

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, blir det gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for oppføring av omsøkte garasje/lagerbygg.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til vurderinga.

-Søknad om rammeløyve for oppføring av bygget kan handsamast administrativt.

-Før søknaden om rammeløyve kan handsamast, må den reelle naturfaren vere avklart, og det er må sannsynleggjerast at eventuelle sikringstiltak kan gjennomførast.

-Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 7 740,- for søknad om dispensasjon frå plan. (Jf. § 3-8 i Stryn kommune sitt gebyrregulativ for 2026).

-Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunnjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3

veker etter at melding om vedtak er motteken.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Representanten Kari Synnøve Muri (Krf) bad formannskapet vurdere gildskapen. Muri er nabo til tiltaket og har fått nabovarsel. Muri vart kjend gild og deltok i handsaming av saka.

Det vart stilt spørsmål om korleis administrasjonen vurderer dispensasjonar og krav i sakshandsaminga.

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jan Flore vil gjere greie for dette i neste møte i formannskapet.

Framlegget fekk 5 røyster og vart vedteke. Representantane Skarstein (Sp) og Fjellkårstad (Sp) røysta mot.

FO- 026/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, blir det gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for oppføring av omsøkte garasje/lagerbygg.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til vurderinga.

-Søknad om rammeløyve for oppføring av bygget kan handsamast administrativt.

-Før søknaden om rammeløyve kan handsamast, må den reelle naturfaren vere avklart, og det er må sannsynleggjerast at eventuelle sikringstiltak kan gjennomførast.

-Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 7 740,- for søknad om dispensasjon frå plan. (Jf. § 3-8 i Stryn kommune sitt gebyrregulativ for 2026).

-Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunnjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

027/26: Solvik bustadfelt - fastsetjing av tomtepris

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tomtene i Solvik bustadfelt kan leggst ut for sal med pris på tomtene for grunnkjøp og anleggsbidrag i samsvar med tabell:

Tomt nr:	Areal	Grunnkjøp	Faktor	Anleggsbidrag	Tomtepris
Tomt 1	979,18	kr 257 677	1,01	kr 1 258 936	kr 1 516 613
Tomt 2	989,92	kr 260 503	1,01	kr 1 258 936	kr 1 519 439
Tomt 3	984,58	kr 259 098	1,01	kr 1 258 936	kr 1 518 034
Tomt 4	983,02	kr 258 688	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 624
Tomt 5	980,84	kr 258 114	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 050
Tomt 6	981,6	kr 258 314	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 250
Tomt 7	954,69	kr 251 232	1,01	kr 1 258 936	kr 1 510 168
Tomt 8	914,04	kr 240 535	1,01	kr 1 258 936	kr 1 499 471
Tomt 9	902,87	kr 237 596	1,01	kr 1 258 936	kr 1 496 532
Tomt 10	977,84	kr 257 324	0,90	kr 1 121 240	kr 1 378 564
Tomt 11	931,84	kr 245 219	1,01	kr 1 258 936	kr 1 504 155
Tomt 12	919,73	kr 242 032	1,01	kr 1 258 936	kr 1 500 968
Tomt 13	907,39	kr 238 785	1,01	kr 1 258 936	kr 1 497 721
Tomt 14	896,33	kr 235 875	1,01	kr 1 258 936	kr 1 494 811
Tomt 15	881,77	kr 232 043	1,01	kr 1 258 936	kr 1 490 979
Tomt 16	854,44	kr 224 851	0,90	kr 1 121 240	kr 1 346 091
Tomt 17	902,14	kr 237 404	1,01	kr 1 258 936	kr 1 496 340
Tomt 18	895,9	kr 235 761	1,01	kr 1 258 936	kr 1 494 697
Tomt 19	887,83	kr 233 638	1,01	kr 1 258 936	kr 1 492 574
Tomt 20	872,77	kr 229 675	1,01	kr 1 258 936	kr 1 488 611
Tomt 21	877,48	kr 230 914	1,01	kr 1 258 936	kr 1 489 850
BBB1	2659,82	kr 699 947	0,98	4 883 622,70	kr 5 583 570
BBB2	2524,06	kr 664 221	0,98	4 883 622,70	kr 5 547 844
BBB3	4572,75	kr 1 203 346	1,03	6 428 442,13	kr 7 631 788
Totalt	29232,83	kr 7 692 793		kr 42 357 952	

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 027/26 Vedtak:

Tomtene i Solvik bustadfelt kan leggst ut for sal med pris på tomtene for grunnkjøp og anleggsbidrag i samsvar med tabell:

Tomt nr:	Areal	Grunnkjøp	Faktor	Anleggsbidrag	Tomtepris
Tomt 1	979,18	kr 257 677	1,01	kr 1 258 936	kr 1 516 613
Tomt 2	989,92	kr 260 503	1,01	kr 1 258 936	kr 1 519 439
Tomt 3	984,58	kr 259 098	1,01	kr 1 258 936	kr 1 518 034
Tomt 4	983,02	kr 258 688	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 624
Tomt 5	980,84	kr 258 114	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 050
Tomt 6	981,6	kr 258 314	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 250
Tomt 7	954,69	kr 251 232	1,01	kr 1 258 936	kr 1 510 168
Tomt 8	914,04	kr 240 535	1,01	kr 1 258 936	kr 1 499 471
Tomt 9	902,87	kr 237 596	1,01	kr 1 258 936	kr 1 496 532
Tomt 10	977,84	kr 257 324	0,90	kr 1 121 240	kr 1 378 564
Tomt 11	931,84	kr 245 219	1,01	kr 1 258 936	kr 1 504 155
Tomt 12	919,73	kr 242 032	1,01	kr 1 258 936	kr 1 500 968
Tomt 13	907,39	kr 238 785	1,01	kr 1 258 936	kr 1 497 721
Tomt 14	896,33	kr 235 875	1,01	kr 1 258 936	kr 1 494 811
Tomt 15	881,77	kr 232 043	1,01	kr 1 258 936	kr 1 490 979
Tomt 16	854,44	kr 224 851	0,90	kr 1 121 240	kr 1 346 091
Tomt 17	902,14	kr 237 404	1,01	kr 1 258 936	kr 1 496 340
Tomt 18	895,9	kr 235 761	1,01	kr 1 258 936	kr 1 494 697
Tomt 19	887,83	kr 233 638	1,01	kr 1 258 936	kr 1 492 574
Tomt 20	872,77	kr 229 675	1,01	kr 1 258 936	kr 1 488 611
Tomt 21	877,48	kr 230 914	1,01	kr 1 258 936	kr 1 489 850
BBB1	2659,82	kr 699 947	0,98	4 883 622,70	kr 5 583 570
BBB2	2524,06	kr 664 221	0,98	4 883 622,70	kr 5 547 844
BBB3	4572,75	kr 1 203 346	1,03	6 428 442,13	kr 7 631 788
Totalt	29232,83	kr 7 692 793		kr 42 357 952	

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 013/26 Vedtak:

Tomtene i Solvik bustadfelt kan leggst ut for sal med pris på tomtene for grunnkjøp og anleggsbidrag i samsvar med tabell:

Tomt nr:	Areal	Grunnkjøp	Faktor	Anleggsbidrag	Tomtepris
Tomt 1	979,18	kr 257 677	1,01	kr 1 258 936	kr 1 516 613
Tomt 2	989,92	kr 260 503	1,01	kr 1 258 936	kr 1 519 439
Tomt 3	984,58	kr 259 098	1,01	kr 1 258 936	kr 1 518 034
Tomt 4	983,02	kr 258 688	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 624
Tomt 5	980,84	kr 258 114	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 050
Tomt 6	981,6	kr 258 314	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 250
Tomt 7	954,69	kr 251 232	1,01	kr 1 258 936	kr 1 510 168
Tomt 8	914,04	kr 240 535	1,01	kr 1 258 936	kr 1 499 471
Tomt 9	902,87	kr 237 596	1,01	kr 1 258 936	kr 1 496 532
Tomt 10	977,84	kr 257 324	0,90	kr 1 121 240	kr 1 378 564
Tomt 11	931,84	kr 245 219	1,01	kr 1 258 936	kr 1 504 155
Tomt 12	919,73	kr 242 032	1,01	kr 1 258 936	kr 1 500 968
Tomt 13	907,39	kr 238 785	1,01	kr 1 258 936	kr 1 497 721
Tomt 14	896,33	kr 235 875	1,01	kr 1 258 936	kr 1 494 811
Tomt 15	881,77	kr 232 043	1,01	kr 1 258 936	kr 1 490 979
Tomt 16	854,44	kr 224 851	0,90	kr 1 121 240	kr 1 346 091
Tomt 17	902,14	kr 237 404	1,01	kr 1 258 936	kr 1 496 340
Tomt 18	895,9	kr 235 761	1,01	kr 1 258 936	kr 1 494 697
Tomt 19	887,83	kr 233 638	1,01	kr 1 258 936	kr 1 492 574
Tomt 20	872,77	kr 229 675	1,01	kr 1 258 936	kr 1 488 611
Tomt 21	877,48	kr 230 914	1,01	kr 1 258 936	kr 1 489 850
BBB1	2659,82	kr 699 947	0,98	4 883 622,70	kr 5 583 570
BBB2	2524,06	kr 664 221	0,98	4 883 622,70	kr 5 547 844
BBB3	4572,75	kr 1 203 346	1,03	6 428 442,13	kr 7 631 788
Totalt	29232,83	kr 7 692 793		kr 42 357 952	

028/26: Vedtak: Dispensasjon frå plan for løyve til oppføring av carport på gbnr. 45/173

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det på følgjande vilkår gjeve dispensasjon frå arealgrensa for garasje i reguleringsplanen for Visnes, for høve til oppføring av den omsøkte garasjen på gbnr. 45/173.

I medhald av plan- og bygningslova § 29-4, vert plassering av carport godkjent plassert nærmare enn 4 meter frå eigedomsgrense til gbnr. 45/174 og gbnr. 45/171.

I medhald av plan- og bygningslova § 21-4, jf. § 20-2, vert det på følgjande vilkår gjeve løyve til det omsøkte tiltaket:

Generelle vilkår:

- Ansvarleg søkjar skal gje melding til Stryn kommune v/avdeling plan før arbeid med tiltaket blir sett i gang. Stryn kommune har høve til å føre tilsyn med tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 25-1.
- Arbeidet skal leiast av ansvarlege føretak i samsvar med framlagde erklæringar om ansvarsrett, jf. plan- og bygningslova kapittel 23.

- Bygget må ikkje takast i bruk før kommunen med grunnlag i gjennomføringsplanen har gjeve ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve, jf. plan- og bygningslova § 21-10.
- Når det er gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket, vil Stryn kommune synfare bygget i samband med taksering av eigedomsskatt.
- Dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at dette løyvet er gjeve, eller tiltaket vert innstilt for lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Spesielle vilkår:

1. For bygningsmessige og tekniske krav blir det vist til teikningar, ansvarsoppgåver og gjennomføringsplanen.
2. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bygget, skal ansvarleg søker sende melding til kommunen om endeleg plassering i plan og høgd. Plasseringa skal koordinatfestast slik at bygget kan leggjast inn i matrikkelen, jf. byggjesaksforeskrifta § 8-1.
3. Tiltaket vert å plassere etter framlagt situasjonsplan og snitt, datert 11.11.2025.
4. Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 13 230,- (av dette er kr 980,- grunngebyr, kr 980,- registreringsgebyr, kr 4 900,- oppføring av garasje og kr 6 370,- for dispensasjon), jf. §§ 3-1, 3-2, 3-5-1-4 og 3-8 i gebyrregulativet for 2025.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 028/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det på følgjande vilkår gjeve dispensasjon frå arealgrensa for garasje i reguleringsplanen for Visnes, for høve til oppføring av den omsøkte garasjen på gbnr. 45/173.

I medhald av plan- og bygningslova § 29-4, vert plassering av carport godkjent plassert nærmare enn 4 meter frå eigedomsgrense til gbnr. 45/174 og gbnr. 45/171.

I medhald av plan- og bygningslova § 21-4, jf. § 20-2, vert det på følgjande vilkår gjeve løyve til det omsøkte tiltaket:

Generelle vilkår:

- Ansvarleg søker skal gje melding til Stryn kommune v/avdeling plan før arbeid med tiltaket blir sett i gang. Stryn kommune har høve til å føre tilsyn med tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 25-1.
- Arbeidet skal leiast av ansvarlege føretak i samsvar med framlagde erklæringar om ansvarsrett, jf. plan- og bygningslova kapittel 23.
- Bygget må ikkje takast i bruk før kommunen med grunnlag i gjennomføringsplanen har gjeve ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve, jf. plan- og bygningslova § 21-10.
- Når det er gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket, vil Stryn kommune synfare bygget i samband med taksering av eigedomsskatt.
- Dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at dette løyvet er gjeve, eller tiltaket vert innstilt for lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Spesielle vilkår:

1. For bygningsmessige og tekniske krav blir det vist til teikningar, ansvarsoppgåver og gjennomføringsplanen.
2. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bygget, skal ansvarleg søker sende melding til kommunen om endeleg plassering i plan og høgd. Plasseringa skal koordinatfestast slik at bygget kan leggjast inn i matrikkelen, jf. byggjesaksforeskrifta § 8-1.
3. Tiltaket vert å plassere etter framlagt situasjonsplan og snitt, datert 11.11.2025.
4. Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 13 230,- (av dette er kr 980,- grunngebyr, kr 980,- registreringsgebyr, kr 4 900,- oppføring av garasje og kr 6 370,- for dispensasjon), jf. §§ 3-1, 3-2, 3-5-1-4 og 3-8 i gebyrregulativet for 2025.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvalteren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

029/26: TV aksjonen 2026 - NRC Flyktninghjelpen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Saka om val av kommunekomiteé vert lagt fram for formannskapet utan tilråding.
2. Det vert løyvd kr. 14.638 til TV-aksjonen 2026 frå formannskapet sin post i budsjettet.
Utgiftsføring: K 14930/A 1010/T 10011

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Forslag til vedtak, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre
Innstiller varaordførar som leiar for kommunekomiteen.

Det vart røysta over framlegg i punkt 1 frå representanten Ellen Hilde Hauge (H)
Samrøystes vedteke.
Det vart røysta over punkt 2 i framlegget, samrøystes vedteke.

FO- 029/26 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Varaordførar Sonja Øvre-Flo vert leiar av ommunekomité
2. Det vert løyvd kr. 14.638 til TV-aksjonen 2026 frå formannskapet sin post i budsjettet.
Utgiftsføring: K 14930/A 1010/T 10011

030/26: Høyring - forslag til forskrift om overnattingsavgift til kommunane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stryn kommune stiller seg positiv til forslaget til forskrift om overnattingsavgift til kommunane.
2. Stryn kommune støttar dei foreslåtte nasjonale fritaka og vurderer at desse er føremålstenlege og rimelege.
3. Stryn kommune understrekar viktigheita av robuste og effektive system for innkreving av avgift frå digitale plattformer som Airbnb, Hotels.com, Booking.com m.fl., og meiner at desse elementa er ein føresetnad for rettferdig og effektiv avgiftsinnkrevjing.
4. Stryn kommune peikar på at innføring av overnattingsavgift vil vere avgjerande for å finansiere nødvendige fellesgoder som toalett, avfallshandtering, informasjon, stibygging og parkering, og at dette er ein føresetnad for berekraftig reiseliv i kommunen.
5. Høyringsuttalen i dette saksframlegget blir sendt Nærings- og fiskeridepartementet som Stryn kommune si fråsegn.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 5 røyster vart tilrådd. Repersentantane Alsaker (V) og Hauge(H) røysta mot.

FO- 030/26 Vedtak:

1. Stryn kommune stiller seg positiv til forslaget til forskrift om overnattingsavgift til kommunane.
2. Stryn kommune støttar dei foreslåtte nasjonale fritaka og vurderer at desse er føremålstenlege og rimelege.
3. Stryn kommune understrekar viktigheita av robuste og effektive system for innkreving av avgift frå digitale plattformer som Airbnb, Hotels.com, Booking.com m.fl., og meiner at desse elementa er ein føresetnad for rettferdig og effektiv avgiftsinnkreving.
4. Stryn kommune peikar på at innføring av overnattingsavgift vil vere avgjerande for å finansiere nødvendige fellesgoder som toalett, avfallshandtering, informasjon, stibygging og parkering, og at dette er ein føresetnad for berekraftig reiseliv i kommunen.
5. Høyringsuttalen i dette saksframlegget blir sendt Nærings- og fiskeridepartementet som Stryn kommune si fråsegn.

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

Framlegg til tilleggspunkt frå Raudt Stryn Nei til krav om plan av bruk av inntekter, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

Stryn kommune meiner at forskrifta ikkje bør innehalde dei krava som ligg inne i høyringsnotatet, knytta til at kommunen skal måtte utarbeide ein plan for bruken av inntektene frå avgifta. Stryn kommune meiner difor at òg kravet om at ein slik kommunal forskrift om overnattingsavgift ikkje skal kunne tre i kraft før departementet har godkjend at ein slik plan er utarbeidd i tråd med desse formelle krava må fjernast. Stryn kommune går vidare inn for at det òg må gjerast dei nødvendige endringane i Besøksbidragslova, i tråd med desse innvendingane til det gjeldande høyringsnotatet.

Framlegg til tilleggspunkt frå Raudt Stryn Nei til avgrensing av kva føremål som kan finansierast, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

Stryn kommune meiner at det ikkje bør vere nokon avgrensing på kva for føremål inntektene frå ein slik overnattingsavgift kan vere med på å finansiere. I tillegg til å medfinansiere turismerelaterte utgifter bør inntektene til ein slik avgift òg kunne vere med på medfinansiere andre føremål. I høyringsnotatet står det at «inntektene fra avgiften skal gå til å finansiere reiselivsrelaterte fellesgoder». Stryn kommune meiner det må vere opp til kvar einskild kommune kva for tiltak ein vel å medfinansiere med hjelp av inntektene frå ein slik overnattingsavgift.

Framlegg til tilleggspunkt frå Raudt Stryn Høgare prosentvis påslag, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

Stryn kommune meiner at Nærings- og fiskeridepartementet legg opp til ei overnattingsavgift som er for låg. I høyringsnotatet står det at «Overnattingsavgiften skal beregnes som et prosentvist påslag på 3 prosent». Slik Stryn kommune ser det, bør overnattingsavgiften til kommunane vere eit prosentvist påslag på minimum 10 prosent.

Framlegg til tilleggspunkt frå Raudt Stryn Mogelegheit til å krevje inn cruiseavgift òg når det ikkje er overnatting, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

I høyringsnotatet vert det slått fast at Besøksbidragsloven gjev hjemmel til innføring av ei avgift frå cruiseverksemd. Ei slik cruiseavgift bør ikkje berre gjelde når det er snakk om overnatting på hotellskip, altså at folk overnattar på det som fungerer som eit hotellskip i tidsrommet mellom kl. 24:00 og kl. 06:00. Kommunane bør òg få myndigheit til å innføre ei cruiseavgift per cruisepassasjer, i same storleik som overnattingsavgifta, i dei tilfella der eit cruiseskip legg til kai i kommunen i tidsrommet mellom kl. 06:00 og kl. 24:00.

Endring punkt 3.2, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre

Kommunedirektøren støttar departementet sitt syn om at dei besøkande i større grad bør bidra til kostnadane dei påfører lokalsamfunnet. Stryn kommune meiner at ein må sjå turismenæringa som heilheit, og ei overnattingsavgift vil – slik vi ser det ramme dei som allereie betalar for renovasjon/skatt med meir. I Stryn kommune er dei største utfordringane knytt til villcamping/cruiseturistar/bussturistar. Det vil derfor vere urettferdig å innføre ei overnattingsavgift på 3% for imøtekome dei problemstillingane ein har i dag.

Tillegg i punkt 3.6, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre

Stryn kommune vil presisere viktigheita av å gjere det mogleg å innføre cruiseavgift uavhengig av overnattingsavgift.

Endring punkt 1 i vedtak, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre

Stryn kommune meier ei forskrift må omhandle meir enn berre overnattingsavgift. Og slik forslaget ligg no vil dette treffe overnattingsbedriftene hardt.

Punkt 4, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre

Strykast

Framlegg frå representanten Anders Hamre Sveen (R)

1.Stryn kommune meiner at forskrifta ikkje bør innehalde dei krava som ligg inne i høyringsnotatet, knytta til at kommunen skal måtte utarbeide ein plan for bruken av inntektene frå avgifta. Stryn kommune meiner difor at òg kravet om at ein slik kommunal forskrift om overnattingsavgift ikkje skal kunne tre i kraft før departementet har godkjend at ein slik plan er utarbeidd i tråd med desse formelle krava må fjernast. Stryn kommune går vidare inn for at det òg må gjerast dei nødvendige endringane i Besøksbidragslova, i tråd med desse innvendingane til det gjeldande høyringsnotatet. Framlegget fekk 1 røyst og fall

2.Stryn kommune meiner at det ikkje bør vere nokon avgrensing på kva for føremål inntektene frå ein slik overnattingsavgift kan vere med på å finansiere. I tillegg til å medfinansiere turismerelaterte utgifter bør inntektene til ein slik avgift òg kunne vere med på medfinansiere andre føremål. I høyringsnotatet står det at «inntektene fra avgiften skal gå til å finansiere reiselivsrelaterte fellesgoder». Stryn kommune meiner det må vere opp til kvar einskild kommune kva for tiltak ein vel å medfinansiere med hjelp av inntektene frå ein slik overnattingsavgift. Framlegget fekk 1 røyst og fall

3.Stryn kommune meiner at Nærings- og fiskeridepartementet legg opp til ei overnattingsavgift som er for låg. I høyringsnotatet står det at «Overnattingsavgiften skal beregnes som et prosentvist påslag på 3 prosent». Slik Stryn kommune ser det, bør overnattingsavgiften til kommunane vere eit

prosentvist påslag på minimum 10 prosent.

Framlegget fekk 1 røyst og fall.

*4. I høringsnotatet vert det slått fast at Besøkbidragsloven gjev hjemmel til innføring av ei avgift frå cruiseverksemd. Ei slik cruiseavgift bør ikkje berre gjelde når det er snakk om overnatting på hotellskip, altså at folk overnattar på det som fungerer som eit hotellskip i tidsrommet mellom kl. 24:00 og kl. 06:00. Kommunane bør òg få myndigheit til å innføre ei cruiseavgift per cruisepassasjer, i same storleik som overnattingsavgifta, i dei tilfella der eit cruiseskip legg til kai i kommunen i tidsrommet mellom kl. 06:00 og kl. 24:00.
Raudt trekte dette framlegget*

*Framlegg frå Høgre, Venstre, Krf og Frp
Endring til punkt 3.2*

Kommunedirektøren støttar departementet sitt syn om at dei besøkande i større grad bør bidra til kostnadane dei påfører lokalsamfunnet. Stryn kommune meiner at ein må sjå turismenæringa som heilheit, og ei overnattingsavgift vil – slik vi ser det ramme dei som allereie betalar for renovasjon/skatt med meir. I Stryn kommune er dei største utfordringane knytt til villcamping/cruiseturistar/bussturistar. Det vil derfor vere urettferdig å innføre ei overnattingsavgift på 3% for imøtekome dei problemstillingane ein har i dag.

13 stemmer og vart vedteke.

Tilleg til punkt 3.6

Stryn kommune vil presisere viktigheita av å gjere det mogleg å innføre cruiseavgift uavhengig av overnattingsavgift.

15 røyster og vedteke

Endring punkt 1 i vedtak

Stryn kommune meier ei forskrift må omhandle meir enn berre overnattingsavgift. Og slik forslaget ligg no vil dette treffe overnattingsbedriftene hardt.

Framlegget fekk 13 røyster og vart vedteke

Stryke punkt 4 i kommunedirektøren sitt framlegg:

4. Stryn kommune peikar på at innføring av overnattingsavgift vil vere avgjerande for å finansiere nødvendige fellesgoder som toalett, avfallshandtering, informasjon, stibygging og parkering, og at dette er ein føresetnad for berekraftig reiseliv i kommunen.

Framlegget fekk 13 røyster og vart vedteke. Ordførar nytta si dobbeltstemme.

Punktet vert teke ut.

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg med endringar. Vedteke mot 1 røyst.

KS- 012/26 Vedtak:

1. Stryn kommune meier ei forskrift må omhandle meir enn berre overnattingsavgift. Og slik forslaget ligg no vil dette treffe overnattingsbedriftene hardt.

2. Stryn kommune støttar dei foreslåtte nasjonale fritaka og vurderer at desse er føremålstenlege og rimelege.

3. Stryn kommune understrekar viktigheita av robuste og effektive system for innkreving av avgift frå digitale plattformer som Airbnb, Hotels.com, Booking.com m.fl., og meiner at desse elementa er ein føresetnad for rettferdig og effektfull avgiftsinnkrevjing.

5. Høyringsuttalen i dette saksframlegget blir sendt Nærings- og fiskeridepartementet som Stryn kommune si fråsegn.

Punkt 3.2 får denne ordlyden:

Kommunestyret støttar departementet sitt syn om at dei besøkande i større grad bør bidra til kostnadane dei påfører lokalsamfunnet. Stryn kommune meiner at ein må sjå turismenæringa som heilheit, og ei overnattingsavgift vil – slik vi ser det ramme dei som allereie betalar for renovasjon/skatt med meir. I Stryn kommune er dei største utfordringane knytt til villcamping/cruiseturistar/bussturistar. Det vil derfor vere urettferdig å innføre ei overnattingsavgift på 3% for imøtekome dei problemstillingane ein har i dag.

Punkt 3.6 Cruiseavgift får denne ordlyden:

Regjeringa har sett i gang ei utredning av ei kommunal cruiseavgift, med mål om at kommunane kan starte innkreving i løpet av 2027. Arbeidet med å få på plass ei cruiseavgift er ein del av oppfølginga av lova om besøksbidrag, som etter planen trer i kraft 1. juli 2026.

Stryn kommune vil presisere viktigheita av å gjere det mogleg å innføre cruiseavgift uavhengig av overnattingsavgift.

031/26: Klage på vedtak - bygging av landbruksveg. Gbnr. 48/1

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar av 28.05.2015 § 1-1, blir vedtaket av 03.02.2026 med tilhøyrande vilkår oppretthalde.

Vedtaket blir grunngjeve med at dette er ei privatrettsleg sak som må løysast mellom tiltakshavaren og eigaren av tomtene. Vidare grunngjeving kjem fram av saksutgreiinga ovanfor.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 031/26 Vedtak:

I medhald av forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar av 28.05.2015 § 1-1, blir vedtaket av 03.02.2026 med tilhøyrande vilkår oppretthalde.

Vedtaket blir grunngjeve med at dette er ei privatrettsleg sak som må løysast mellom tiltakshavaren og eigaren av tomtene. Vidare grunngjeving kjem fram av saksutgreiinga ovanfor.

032/26: Kommunekommisjonen høyringssvar rapport "En bærekraftig kommunesektor"

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune sender innspel til NOU-1 som vist i saksutgreiinga.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 032/26 Vedtak:

Stryn kommune sender innspel til NOU-1 som vist i saksutgreiinga.

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

Endringsframlegg frå Raudt Stryn til høyringsinnspel fra Stryn kommune når det gjeld lærarnorma, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

«Stryn kommune går imot KS sitt innspel om at dagens lærarnorm bør endrast frå å gjelde hovudtrinn til pr skule til kommunenivå.

Dersom ein flyttar lærarnorma opp frå skulenivå til kommunenivå kan det sjå fint ut på papiret, samtidig som det vil kunne skjule store skilnadar mellom skuler, der einskilde skuler vil kunne ha for få lærarar og for store klasser, og det vil kunne vere mogleg å gjere innafor eit slikt nytt regelverk.

Lærarnorma er, slik den er utforma no, eit viktig verktøy for å freiste å sikre at elevane får nok oppfølging, lærarstøtte og tid i kvart einskild klasserom.»

Tilleggsframlegg frå Raudt Stryn Kommisjonens problematiske problemforståing, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

«Ikkje nødvendigvis storleiken det kjem an på

I høyringsnotatet frå kommunekommisjonen står det følgjande under

1.5 Kommisjonens problemforståelse:

«Mens geografien ligger fast, kan størrelse påvirkes både gjennom ulike typer samarbeid og kommunesammenslåing. Større organisasjoner vil jevnt over ha bedre forutsetninger for å drive både godt omstillingsarbeid og ivareta en effektiv drift.»

Dette er ein påstand som ikke kan få stå uimotsagt. I rapporten 'Norges best styrte kommuner – Kommuneindeksen 2025', datert 12. august 2025, og utarbeida av Agenda Kaupang på oppdrag frå Storebrand Livsforsikring AS, så har Agenda Kaupang rekna på kostnader og finansar i kommunane ved hjelp av dei endelege rekneskapstala for 2024 i Kostra.

Dei 10 kommunane med best samla resultat ifølgje Agenda Kaupang sin rapport er: Sandefjord, Kvitsøy, Rendalen, Klepp, Hå, Lurøy, Sauda, Jevnaker, Løten og Iveland. Dei 10 kommunane som ifølgje rapporten er mest effektive er: Klepp, Time, Rælingen, Larvik, Nesodden, Nannestad, Vestby, Hå, Lørenskog og Nordre Follo.

Ser ein på desse to listene så er det slåande at ikkje ein av Noreg sine 10 mest folkerike kommunar vert nemnd. Det vert derimot fleire kommunar med lågare innbyggjartal enn gjennomsnittskommunen i Noreg. Ifølgje 'NOU Norges offentlige utredninger 2023: 9 Generalistkommunesystemet Likt ansvar – ulike forutsetninger' har gjennomsnittskommunen i Noreg 15 240 innbyggjarar.

Kvitsøy er ein kommune med 579 innbyggjarar. Dette er så klart eit ytterpunkt, men òg Rendalen (1 836 innbyggjarar), Lurøy (1 953 innbyggjarar), Sauda (4 603 innbyggjarar), Jevnaker (7 040 innbyggjarar), Løten (7 952 innbyggjarar) og Iveland (1 386 innbyggjarar) har innbyggjartal under den norske gjennomsnittskommunen. Legg ein Agenda Kaupang sin rapport til grunn så er det rett og slett ikkje dekning for påstanden «Større organisasjoner vil jevnt over ha bedre forutsetninger for å drive både godt omstillingsarbeid og ivareta en effektiv drift», når det er snakk om norske kommunar.»

Lærarnorma, foreslått av Jorunn Oddny Aa Myklebust, Senterpartiet
Stryn kommune ønskjer å halde på lærarnorma slik den er i dag.

Raudt trekte den 1.setningen i framlegget om lærarnorma : «*Stryn kommune går imot KS sitt innspel om at dagens lærarnorm bør endrast frå å gjelde hovudtrinn til pr skule til kommunenivå*»

Setningen som vart trekt vart erstatta med framlegg frå representanten Jorunn Aa Myklebust (Sp)
Stryn kommune ønskjer å halde på lærarnorma slik den er i dag.

Framlegget om lærarnorma får då denne ordlyden:

Stryn kommune ønskjer å halde på lærarnorma slik den er i dag.

Dersom ein flyttar lærarnorma opp frå skulenivå til kommunenivå kan det sjå fint ut på papiret, samtidig som det vil kunne skjule store skilnader mellom skuler, der einskilde skuler vil kunne ha for få lærarar og for store klasser, og det vil kunne vere mogleg å gjere innafor eit slikt nytt regelverk.

Lærarnorma er, slik den er utforma no, eit viktig verkty for å freiste å sikre at elevane får nok oppfølging, lærarstøtte og tid i kvart einskild klasserom.»

Det vart røysta over framlegget: Framlegget fekk 15 røyster og vart vedteke.

Det vart røysta over tilleggssframlegg frå representanten Anders Hamre Sveen (R):

Kommisjonens problematiske problemforståing

«Ikkje nødvendigvis storleiken det kjem an på
I høyringsnotatet frå kommunekommisjonen står det følgjande under
1.5 Kommisjonens problemforståelse:

«Mens geografien ligger fast, kan størrelse påvirkes både gjennom ulike typer samarbeid og kommunesammenslåing. Større organisasjoner vil jevnt over ha bedre forutsetninger for å drive både godt omstillingsarbeid og ivareta en effektiv drift.»

Dette er ein påstand som ikke kan få stå uimotsagt. I rapporten 'Norges best styrte kommuner – Kommuneindeksen 2025', datert 12. august 2025, og utarbeida av Agenda Kaupang på oppdrag frå Storebrand Livsforsikring AS, så har Agenda Kaupang rekna på kostnader og finansar i kommunane ved hjelp av dei endelege rekneskapstala for 2024 i Kostra.

Dei 10 kommunane med best samla resultat ifølgje Agenda Kaupang sin rapport er: Sandefjord, Kvitsøy, Rendalen, Klepp, Hå, Lurøy, Sauda, Jevnaker, Løten og Iveland. Dei 10 kommunane som ifølgje rapporten er mest effektive er: Klepp, Time, Rælingen, Larvik, Nesodden, Nannestad, Vestby, Hå, Lørenskog og Nordre Follo.

Ser ein på desse to listene så er det slåande at ikkje ein av Noreg sine 10 mest folkerike kommunar vert nemnd. Det vert derimot fleire kommunar med lågare innbyggjartal enn gjennomsnittskommunen i Noreg. Ifølgje 'NOU Norges offentlige utredninger 2023: 9 Generalistkommunesystemet Likt ansvar – ulike forutsetninger' har gjennomsnittskommunen i Noreg 15 240 innbyggjarar.

Kvitsøy er ein kommune med 579 innbyggjarar. Dette er så klart eit ytterpunkt, men òg Rendalen (1 836 innbyggjarar), Lurøy (1 953 innbyggjarar), Sauda (4 603 innbyggjarar), Jevnaker (7 040 innbyggjarar), Løten (7 952 innbyggjarar) og Iveland (1 386 innbyggjarar) har innbyggjartal under den norske gjennomsnittskommunen. Legg ein Agenda Kaupang sin rapport til grunn så er det rett og slett ikkje dekning for påstanden «Større organisasjoner vil jevnt over ha bedre forutsetninger for å drive både godt omstillingsarbeid og ivareta en effektiv drift», når det er snakk om norske kommunar.»

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over formannskapet sitt framlegg med vedtekne endringar. Samrøystes vedteke.

KS- 016/26 Vedtak:

Stryn kommune sender innspel til NOU-1 i tråd med kommunestyret sitt vedtak.

033/26: Ny handsaming av klage på vedtak - dispensasjon frå arealføremål i kommunedelplan og frå § 1-8 i plan og bygningslova, og rammeløyve for til- og påbygg til bustadhus på gbnr. 83/21

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå det generelle forbodet i pbl. § 1-8 mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag for å kunne føre opp tilbygg til eksisterande bustadhus på gbnr. 83/21.

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremål i kommunedelplan for bygging av tilbygg til bustadhus på gbnr. 83/21.

Som grunngjeving for avgjerda blir det vist til vurderinga i denne saka og til vurderingane gjort i sak 25/113-6 og sak FO-078/25.

Søknad om rammeløyve for til- og påbygg til bustadhus på gbnr. 83/21 kan handsamast administrativt når den reelle naturfaren er avklart og når dispensasjon frå veglova ligg føre.

- Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast og skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteke.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 033/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå det generelle forbodet i pbl. § 1-8 mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag for å kunne føre opp tilbygg til eksisterande bustadhus på gbnr. 83/21.

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremål i kommunedelplan for bygging av tilbygg til bustadhus på gbnr. 83/21.

Som grunngjeving for avgjerda blir det vist til vurderinga i denne saka og til vurderingane gjort i sak 25/113-6 og sak FO-078/25.

Søknad om rammeløyve for til- og påbygg til bustadhus på gbnr. 83/21 kan handsamast administrativt når den reelle naturfaren er avklart og når dispensasjon frå veglova ligg føre.

- Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast og skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteke.

034/26: Søknad om dispensasjon frå § 1-8 i plan og bygningslova og søknad om løyve til oppføring av badestove på gbnr. 70/237 i Loen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå føresegna i plan- og bygningslova § 1-8 om byggjeforbod i 100-metersbeltet langs sjøen, for høve til oppføring av den beskrivne frittliggjande badstova og flytebrygga på gbnr. 70/237.

Som grunngjeving for vedtaket vert det vist til vurderinga.

Tiltaket (oppføring av badstove og flytebrygge) kan handsamast administrativt i eiga sak.

Tiltakshavar må dekke sakshandsamingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr er fastsett til kr 10 290,-. (Av dette er kr 980,- grunngebyr, kr 6 370,- for første dispensasjon og kr 2 940,- for ekstern høyring av dispensasjonssøknad, jf. gebyrregulativet for Stryn kommune 2025.)

- Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til

Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 034/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå føresegna i plan- og bygningslova § 1-8 om byggjeforbod i 100-metersbeltet langs sjøen, for høve til oppføring av den beskrivne frittliggjande badstova og flytebrygga på gbnr. 70/237.

Som grunngjeving for vedtaket vert det vist til vurderinga.

Tiltaket (oppføring av badstove og flytebrygge) kan handsamast administrativt i eiga sak.

Tiltakshavar må dekke sakshandsamingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr er fastsett til kr 10 290,-. (Av dette er kr 980,- grunngebyr, kr 6 370,- for første dispensasjon og kr 2 940,- for ekstern høyring av dispensasjonssøknad, jf. gebyrregulativet for Stryn kommune 2025.)

- Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til

Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.